



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1995

Namnet på vatnet

Oppsalvatnet

Kommune

Fuldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

M O S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 9. sept. 1975.

Vatnet ligg i Suldal kommune, på vestsida av vegen mellom Mo og Vadla, og med Gullingen i sør-aust og Kalvanuten i sør. Arealet er omlag 190 ha. og h.o.h. 517 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, sjølv om ein nok vil finna einskilte djupare partier innimellom.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark, der blandingskog av furu og bjerk dominerar, men der er og ein del myr og snaufjell.

Botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Hovudtilsaget "Fidjånå" fell inn på nordsida. I dette tilsaget inngår både "Breidastølåna" og "Stavastølåna". Foruten hovudtilsaget fell det inn fleire større og mindre bekketilsig rundt omkring.

Avlaupet renn ut i nord "Mosåna" som munnar ut i Suldalslågen.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul. Dette indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til ? som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.3 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 19.3$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprover på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 2 mygglarver og 1 fjærmygglarve
tilsvarande 30 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 1 fåbørstemark, 1 fjærmygglarve
og 1 musling - også her 30 individ pr. m².

Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet.
For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det
tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar.
Her vart det funne vårflugelarver, myggpupper, plankton og
ertemusling.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikal-
trekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast
som medels rike.

Fisk m.v.


Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter
1 fangstnatt vart 76 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå
slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt, på cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Der vart teke prøver av 20 aurar og av desse var 4 røde, 11 lysrøde og 5 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 13 hanfiskar og 7 hofiskar.

4 av fiskane var angripne av parasittar.


45 % av fisken var gytetisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	3.6	8.9	13.3	17.8	21.0
Årleg lengdetilvekst i cm	3.6	5.3	4.6	4.3	3.2
Antall fiskar	20	20	20	20	17

Medel kondisjonsfaktor = 0.91 tilseier fisk av mager til medels kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for fisken i Mosvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Mosvatnet ein heller dårleg lengdetilvekst og ligg under normalen like frå fyrste år av. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 25-26 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernæra seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og sterkt overbefolka. Tilhøva ligg elles vel tilrette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse godt brukande for

sure, sjølv om botnprøvene og planktonprøvene gav eit noko magert resultat.

Omfarfordelinga syner at det er småfisken som fullt ut dominerar og storparten av fisken ligg i dag på ca. 18-21 cm.

Vekstkurven, saman med K-faktoren syner, at vatnet er sterkt overbefolka.

Som kjent er det nedslagsfeltet og undergrunnen her som spelar ei sentral rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn.

Består nedslagsfeltet av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Mosvatnet har ikkje kultivert mark, men der er store områder med eit rikt jordsmonn og vidare ein del fylittbergarter i undergrunnen. Dette er grunnen til at dei kjemiske tilhøva er såpass gode, då nedslagsfeltet for ein stor del er i stand til å nøytralisere den sure nedbereren vi i dag får.

Ser vi på fisken vi fekk, så syner denne at fiskebestandet er for stort i høve til vatnet si bæreemne. Dette kjem av dei framifrå gode gytetilhøva, ikkje minst i "Fidjåna", men også andre stader. Nye og store årgangar med yngel og småfisk blir såleis årleg tilført Mosvatnet. Om ikkje denne åreleg tilveksten blir hausta, gir det seg utslag i småvaksen og lite fin fisk.

Praktiske tiltak.

Då der frå før av er starta opp eit grunneigarlag i området, bør Mosvatnet inngå i dette.

Straks denne saka er i orden, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Garnfisket må grunneigarene ha eineretten til. Då vatnet ligg i eit større utbyggingsområde for hytter, er det grunn til å tru at mange vil løysa fiskekort for å prøve fiskelukka nettopp i Mosvatnet. Dermed vil grunneigarene få innkome som i fyrste omgang kan brukast til kultiveringstiltak.

Vidare må ein gå i gang med utfisking for å avpassa fiskebestandet til det næringsforrådet som vatnet byr på. Då fisken i Mosvatnet vil eigna seg godt som settefisk i fisketome eller tynt befolka fiskevatn, vil det mest tenlege vera å overføre fisk frå Mosvatnet til vath der behovet er til stades.

Dette kan gjerast på den måten, at ein om hausten går over bekkene

med Elektrisk fiskeapparat og fangar inn fisken. Denne blir så transportert i plastdunkar e.l. for utsetjing i andre vatn. Ved å fanga ein stor del av gytefisken i 3-4 år framover, vil ein kunna sjå korleis fiskestorleiken aukar og kvaliteten betrast i Mosvatnet, samstundes som den uttekne fisken vil vera til stor nytte i andre vatn. Ein heilt ideell måte å løysa spursmålet på. Om grunneigarene vil gå inn for dette opplegget, må dei ta kontakt med underskrivne, som vil vera hjelpesam med å utføra tiltaket. Mosvatnet er litt av ei perle, som ligg lageleg til for sportsfiske, så alt må gjerast for å nytta vatnet på ein måte som flest mogeleg vil vera tent med.

Stavanger den 3. mars 1976

Einar Berg.